Hjartdal kommune

Arkivsaksnummer:2025/636-1
Saksbehandlar: Mona Slaaen

SAKSFRAMLEGG

Ny samfunnsdel, forslag til planprogram og melding om oppstart

Utvalssak	Utval	Møtedato
20/2025	Formannskapet	12.05.2025

PS 20/2025 **Ny samfunnsdel, forslag til planprogram og melding om oppstart**

Vedtak i Formannskapet - 12.05.2025:

1. I medhald av plan- og bygningslova § 11-12 varslar Hjartdal kommune oppstart av revisjon av kommuneplanens samfunnsdel for 2026-2036

2. I medhald av plan- og bygningslova §§ 4-1 og 11-13 1. ledd godkjennast forslag til planprogram som leggjast ut til offentleg ettersyn saman med melding om oppstart

3. Høyringsfristen er 6 veker jfr. plan- og bygningslova § 11-13

Behandling i Formannskapet - 12.05.2025 :

Ordførar innleda kort til saka og kommunedirektøren orienterte og svara på spørsmål.

Votering:

Einstemmig vedtatt som kommunedirektøren sitt forslag til vedtak.

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak:

1. I medhald av plan- og bygningslova § 11-12 varslar Hjartdal kommune oppstart av revisjon av kommuneplanens samfunnsdel for 2026-2036

2. I medhald av plan- og bygningslova §§ 4-1 og 11-13 1. ledd godkjennast forslag til planprogram som leggjast ut til offentleg ettersyn saman med melding om oppstart

3. Høyringsfristen er 6 veker jfr. plan- og bygningslova § 11-13

Samandrag

Gjeldande samfunnsdel er frå 2017. Visjonen er Hjartdal – det nære alternativet, og det er tre satsingsområde:

Det gode vertskap
Det grøne alternativet
Det nye blikket

Under kvart satsingsområde er det definert hovudmål for korleis Hjartdal kommune skal sjå ut i 2036. Til kvart mål er det knytt strategiar for korleis ein skulle nå måla, totalt 78 strategiar.

Kommunestyret vedtok i planstrategien i oktober 2024 at samfunnsdelen skal reviderast med oppstart i 2025. Visar til kommunestyretmøte 30.10.2024 og politisk sak 64/2024. Sjå vedlagte link til heimesida:

https://aimblob.blob.core.windows.net/aimfiles/8b296379-992a-45ca-b3da-89b0d63e9977.pdf

Plan og bygningslova seier:

§ 11-2. Kommuneplanens samfunnsdel
Kommuneplanens samfunnsdel skal ta stilling til langsiktige utfordringer, mål og strategier for kommunesamfunnet som helhet og kommunen som organisasjon. Den bør inneholde en beskrivelse og vurdering av alternative strategier for utviklingen i kommunen.
Kommuneplanens samfunnsdel skal være grunnlag for sektorenes planer og virksomhet i kommunen. Den skal gi retningslinjer for hvordan kommunens egne mål og strategier skal gjennomføres i kommunal virksomhet og ved medvirkning fra andre offentlige organer og private.

§ 11-3. Virkningen av kommuneplanens samfunnsdel
Kommuneplanens samfunnsdel skal legges til grunn for kommunens egen virksomhet og for statens og regionale myndigheters virksomhet i kommunen.

Kommuneplanens handlingsdel gir grunnlag for kommunens prioritering av ressurser, planleggings- og samarbeidsoppgaver og konkretiserer tiltakene innenfor kommunens økonomiske rammer.

Saksopplysningar

Det er utarbeidd eit planprogram for rulleringa av samfunnsdelen, planprogrammet omtaler føremålet med planarbeidet, planprosess med fristar og opplegg for medverknad, kva tema som vil ha fokus, både for kommunen som samfunn og som tenesteytar. Kommuneplanen sin arealdel er i prosess, og det er utarbeidd arealstrategiar, saka kjem til 1. gongs behandling 21. mai 2025. Temaplan for helse og meistring, som også er vedteke i planstrategien, vil bli utarbeida parallelt med kommuneplanens samfunnsdel.

Konklusjon:

Kommunedirektøren tilrår at forslag til planprogram blir lagt ut til offentleg ettersyn saman med at melding om oppstart blir kunngjort.

Vurdering

Kommunedirektøren viser til planprogrammet for meir informasjon

Vedlegg:

1 Planprogram kommuneplanens samfunnsdel for Hjartdal justert versjon

2 Framdrift rev samfunnsplanen Hjartdal justert 1. mai 2025